

SELJORD KOMMUNE
Administrasjonen

Arkivkode: C30
Saksbeh.: Oddvar Hallaråker
Direkte tel: 35 06 51 05
Vår ref: 07/00064-1
Dato: 30.01.2007

Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

Evaluering av Den kulturelle skolesekken

Seljord kommune viser til høyringsskriv av 09.11.06.

Høyringa har vore ute på skulane i kommunen der kulturkontaktane har hatt eit spesielt ansvar, og høyringsuttalen er basert på innkomne uttalar frå skulane.

Skulesektoren i Seljord er gjennomgåande svært godt nøgd med det tilbodet som blir gitt gjennom Den kulturelle skulesekken.

Dette gjeld både innhaldet i tilbodet til elevane og den organisatoriske gjennomføringa. Det er ei stor heving av det tilbodet elevane får, med både teater litteraturopplevingar og utstillingar, i høve til at vi tidlegare berre hadde konsertar.

Den "papirløse kommunikasjonen" med informasjon og tilbakemeldingar over nettet fungerer også godt.

Kulturtorget, slik det har blitt lagt opp i Telemark, har vore svær positivt både som informasjon og innsyn tilboda.

Nokre konkrete uttalar frå høyringsrunden:

"Ser ingen konflikt mellom dialogisk og monologisk formidling. Hovudsaka er at det som blir formidla, er av høg kvalitet, og det er bra at det kan bli nytta profesjonelle til formidlarar av kunst og."

"Er veldig einig i det som står om at tilbodet er ein ressurs, som både vert opplevd som noko ekstraordinært og som kan knytast til opplegg i skulekvardagen."

"Møte med kultur er viktig for identitetsdanninga til barn og unge, og i og med at tilbodet er obligatorisk for alle, er det mogeleg."

Avslutningsvis så vil vi gje stor honnør til dei som har ansvar for gjennomføring av Den kulturelle skolesekken i Telemark!

Med vennleg helsing

Oddvar Hallaråker
kommunalsjef

Kopi: Skulane.
Kulturskulen.
Kulturskatten i Telemark.